

# Øy Nytt

# Kjekkblad for Øygarden

Øygarden Gospel med CD:

## Come On

Les meir på  
siste side.




Foto: Karina Tøtlandsmo

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Klokkar med fiskedilla .....	side 4
Vik mannskor med CD .....	side 7
Skjergardsheimen 30 år .....	side 9
Misjonær mellom Malinkéfolket .....	side 10

## Unionsoppløysinga -og Olavstradisjonen



Vi har nett feira 100-årsjubileet for Unionsoppløysinga. Jubileet både hjå oss og elles hadde nok sitt å seia for fokusering av spørsmål som:

*Kva er Noreg?*

*Kva er det å vere norsk?*

*Kva for verdiar skal vi bygge landet på?*

*Kva tyder det norske flagget?*

*Kva for kyrkje ønsker vi i Noreg?*

Ser vi rundt oss, i samfunn, politikk, kultur, etikk og kyrkje, er det ikkje vanskeleg å registrera ein trend der mange spør etter rette verdiar, rett kurs, og tydeleg leiarskap. Dette opp mot postmodernismen sitt "Ingenting er A4 lenger".

Ser vi attende på Noreg sine 100 første år som sjølvstendig nasjon gav ikkje minst Kong Haakon VII si haldning under 2.verdskrigen viktig tilfang til svar på spørsmåla over. Hans nei til nazidiktaturet og okkupasjon av ei framand makt skapte nok lidning i første omgangen, men vart så til fridom og vekst. Og frigjeringsdiktarar som Nordahl Grieg (Aldri har jeg sett noe skjønnere enn dette flagget -Med nordmenn over Norge, 1942) og Arnulf Øverland sette ord på offeret som måtte til, men også på glede over frigjeringa.

Men om vi spør etter verdiar er det meir å finne lenger attende.

### St. Olavstradisjonen

Og då melder Olavstradisjonen seg. I sumar fekk eg høve til å sjå "Spelet om Heilag Olav" på Stiklestad på sjølvaste St.Olavsdagen 29.juli. I den vakre sumarkvelden i Verdalens kan eg ikkje seia det annleis enn at 6000 menneske gjennom "alle spels mor" fekk eit sterkt kall til kristen tru og kristent liv, konsentrert i spørsmål som kampen mot avgudsdyrkning, utburd(å setje born ut), og for ei kristen lovgiving. Vidare om omvending til Kristus, kva dåpen er, evig liv, at Gud kan gjera under, og bispeembetet. Det er vidare grunn til å vise til at Heilag Olav og hendingane i 1030 representerer den udelte kyrkja frå før 1054, og difor er eit kall til alle truande og alle kyrkjer som står på apostelgrunnen i Guds Ord om å sökje saman i eit nytt økumene. Kristi Bod er ikkje til å misforstå.(Joh.17,21)

Men Olavstradisjonen må ikkje bare løftast fram nokre sumardagar i Inntrøndelag. Den kristne kongen og den gode biskopen i 1030 har mykje å læra stat og kyrkje i dag.

Det er snart val. Frå vår side kjem vi ikkje med preferansar for kva eller kven ein bør gje si røyst. Og framfor Gud må vi alle svare for dei val vi tek, i politikk og elles. Frå venstre til høgre. raudt, blått, grønt og gult.

### Vegleiing for valet

Frå Kyrkja si side vil vi difor visa til nokre viktige premissar for den røysta vi kvar for oss skal gje. Som vegleiing for ditt val og for dei som skal vera politikarar vil eg difor minna på desse viktige sakene:

*1. Det ufødde barnet må gjevast rett til liv, frå konsepsjonen av. For det er Gud som skapar livet. Bare Han kan kalla det attende.*

*2. Dei eldre og sjuke har likeins rett til eit godt liv og god pleie, så lenge Gud gjev livet.*

*3. Dei fattige og arbeidsløyse har krav på vår omsut. Gud har skapt dei óg.*

*4. Vi er alle forvaltarar. Som vi bed i messa: "Herre Gud, himmelske Far, du er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende." Lat oss difor sette grenser for all "bruk og kast"-haldning, og hugsa at vi ein gong skal svara for Gud.*

*5. Vi vil gjerne vise respekt for alle menneske og deira val. Men det må også seiast at Kyrkja kjänner bare ekteskap mellom mann og kvinne. Saman med den romersk-katolske kyrkja vil vi difor åtvare mot innføring av det vi må vurdere som eit farleg sosialt eksperiment med stikkordet: "kjønnsnøytrale ekteskap"*

Det er grunn til å tru at ganske mange menneske av god vilje er samde med oss i dette. Lat oss også som truande med frimot bli inspirert av Heilag Olav og kjempa den gode striden (1.Tim.1,19; 6,12) som vi er kalla til i samfunn og kyrkje, og slik gje gode svar på spørsmåla i byrjinga av leiaren:

*Kva er Noreg?*

*Kva er det å vere norsk?*

*Kva for verdiar skal vi bygge landet på?*

*Kva tyder det norske flagget?*

*Kva for kyrkje ønsker vi i Noreg?*

svennm

sokneprest@kyrkja.net

<http://www.stiklestad.no>

<http://www.katolsk.no>

<http://www.dagen.no>



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingent:	Min. kr 100,- pr. år innan kommunen Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.:	3628 07 02557
Layout/trykk:	Grafisk Team AS
Distribusjon:	Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

### Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse:	Helse- og tenestesenteret, Rong
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	56 38 22 40
Faks:	56 38 22 41
Vakttelefon:	56 38 22 44
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Internetsider:	kyrkja.net
Opningstid:	måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong <a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 40
----------------	--

Kyrkjelydspedagog	Anne Mette Risøy <a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 47
-------------------	--

Kantor	Anne Lise Grøm - permisjon
--------	----------------------------

Organistvikar	Torgeir Landro <a href="mailto:torgeirlandro@hotmail.com">torgeirlandro@hotmail.com</a>
---------------	--

Sokneprest	Svenn Martinsen <a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 44
------------	---

Kyrkjeverje	Odd N. Thormodsæter <a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 43
-------------	---

<b>Kyrkjene:</b>	
Blomvåg kyrkje	tlf. 56 38 70 22 <a href="mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net">blomvag.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/gravar:	Kåre Kristoffersen Mobil 97 72 72 21
Klokkar:	Ole Vik

Hjelme kyrkje	tlf 56 38 80 30 <a href="mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net">hjelme.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/gravar:	Kari B. Solheimslid Mobil 9772 74 57
Klokkar:	Ingebjørg Sæle

<b>Råda:</b>	
Blomvåg sokneråd:	Leiar: Kjellaug Solsvik
Hjelme sokneråd:	Leiar: Frank Skjold
Øygarden	
Kyrkjelege fellesråd:	Leiar: Gustav Landro

**Frist for stoff til  
nr. 5/05 er 14. oktober  
nr. 6/05 er 24. november**

## KJÆRE KONFIRMANTAR!

Hjarteleg velkommen som konfirmant i Øygarden! No er det ikkje lenge att til vi begynner med konfirmantførebuinga! Eg er sikker på at det blir ei spanande og flott tid. Dei første samlingane startar i veka 37 (13., 14. og 15. sept.). Samlingane tek til kl. 14.30 og finn stad i kantina på Helse- og tenestesenteret. Rett etter den første samlinga vil det vere ei presentasjonsgudsteneste der alle konfirmantane blir presentert for kyrkjelyden. Tidspunkta for gudstenestene er 18. september i Blomvåg Kyrkje og 25. september i Hjelme Kyrkje. Gudstenestene startar kl.11.00. Alle konfirmantane vil få utfyllande informasjon om dette i posten.

Då ser vi fram til å møte dykk alle!

*Helsing Anne Mette Risøy og teamet*

## Øygarden Indremisjon, hausten 2005

- 9.09 Basar for NHI, Blomvåg bedehus. Talar: Reidun Skurtveit  
20.09 Møte Vik bedehus. Talar: Arne Thoresen  
21.-22.09 Møte Rong bedehus. Talar: Arne Thoresen  
23.-25.09 Møte Blomvåg bedehus. Talar: Arne Thoresen  
28.-30.09 Fellesmøte Hjelme kyrkje. Talar: Audun Hjelvik  
01.-02.10 Inspirasjonshelg, Blomvåg skule. Audun Hjelvik, Kari Skår m.fl.  
02.-06.11 Fellesmøte Blom bedehus. Talar: Asle Hetlebakke  
15.-16.11 Møte Tjeldstø bedehus. Talar: Arild Hetlebakke  
11.11 Møte Alvheim bedehus kl 16.00. Talar: Arild Hetlebakke

Programmet er sett opp i samarbeid med NLM sitt program i Øygarden.

Me ønskjer alle velkomne, og oppfordrar til å sjå etter nærmare kunngjeringar når arrangementa nærmar seg.

## Møteoversikt i Øygarden hausten 2005 for NLM

Når	Stad	Talar	Spesielt
23. august	Vik	Peder Haugland	Gnistenmøte
1. september	Blom	Ole Øystese	
6. september	Vik	Sigurd Rydland	
15. september	Blom	Brita Skumsnes	
20. september	Vik	Magnus Stokke	Møte med unge
1. oktober	Vik	Rollaug og Erik Waaler?	Misjonsmesse
4. oktober	Vik	Ole Øystese	
13. oktober	Blom	Kristian Gangstø	
25-30. oktober	Vik	Åge Solsvik	
8. november	Vik	Tor Ueland	Møte med unge
17. november	Blom	Arne Tolo	
22. november	Vik	Asbjørn Tveiten	
23-27 november	Hjelme	Erleiv Matre	
1. desember	Blom	Dag-Inge Ulstein?	Møte med unge
6. desember	Vik	Bård Hauge	

## 20 000 stiller til soknerådsval

I desse dagar er rundt 20 000 nordmenn spurde om å stille til val ved soknerådsval til hausten. Til saman skal det veljast 9 000 medlemmer og 6 500 varamedlemmer ved årets val.

I mange kyrkjelydar er røysteretsalderen i år seinka frå 18 til 15 å. Alle som er medlemmer av Den norske kyrkja, fyller 18 år (nokre stader 15) i løpet av 2005 og som bur i soknet, har stemmerett ved valet som går føre seg 9. – 16. oktober. KPK.

## KAFFEKROKEN



# Klokkar med fiskedilla

Ole har godt lag med sløyekniven. Han kan sikkert konkurrera med den beste på filetfabrikken!



Ole har alltid budd på Vik. Annakvar dag var dei på skulen, og annakvar dag var dei i båt. Heilt frå guttedagane måtte ein vera med å ro. Det var difor naturleg å halda fram på sjøen også i vaksen alder. Seinare tok han utdanning som styrmann.

Når eg spør han om det er prestar i Blomvåg som han hugsar spesielt godt, nemner han straks Einar Tesdal som også var konfirmasjonspresten hans. Dette var ein person med omsorg og varme, og som kom tett på ungdommane.

Grunna Amerikatur med Vik mannskor er dagen alt feira saman med slekt og vener.

Vi takkar Ole for trufast teneste og ønskjer Guds signing over dagen og livskvelden.

Sjøen, båten og naustet er kjende og kjære stader for Ole A. Vik som fyller 70 år 7. september. Vi finn han i naustet ein augustdag i fullt arbeid med fisk og garn.

Av Odd N. Thormodsæter

For ti år sidan slutta han med yrket som fiskeskippar etter 30 år på ringnotbåt. Og for snart seks år sidan overtok han vervet som klokkar i Blomvåg kyrkje etter at Rasmus Haugetun vart sjuk.

Ole har alltid hatt bedehus og kyrkje som sin åndelege heim. Det var difor naturleg å søkja stillinga som klokkar då den vart ledig.

Han har også vore med i soknerådet i fleire periodar, så han kjenner godt til arbeidet i kyrkja også frå den sida.



Sjø, båt og fiske har alltid vore Ole si store interesse. Å koma ut på sjøen er sælebot både for kropp og sjel.

# Den norske kyrkja, Øygarden prestegjeld

## Val 2005 for Hjelme og Blomvåg sokn.

### Vallokale i Hjelme sokn:

Hjelme kyrkje/kirkjelydsalen er det val 9. oktober  
frå gudstenesta er slutt og fram til kl 13.30.

### Vallokale i Blomvåg sokn:

Blomvåg kyrkje/sakristiet er det val 16. oktober frå  
gudstenesta er slutt og fram til kl 13.30.

### Manntalet:

Manntalslister for Hjelme og Blomvåg er lagt ut til  
gjennomsyn på kyrkjekontoret.

### Førehandsrøysting:

Røysteføre som ikkje kan møta opp på valdagen,  
kan førehandsrøysta på kyrkjekontoret frå 26.  
september, alle yrkedagar frå kl 0900 til 1500.

### Du har stemmerett dersom du

- er medlem av Den norske kyrkja
- bur i det aktuelle soknet
- er 18 år eller fyller 18 år innan 31.12.05
- ikkje er frådømt stemmeretten

Soknerådsvalet vert halde som fleirtalsval, eller som  
forholdstalsval dersom det kjem inn fleire lister.  
Forslag til andre vallister enn dei som er presenterte  
i dette bladet, må sokneråda ha innan 9. september.

Opplysningar om førehandsrøysting og valliste kan  
du få på kyrkjekontoret på Rong, tlf. 5638 2240.

### LISTE TIL SOKNERÅDSVALET i Blomvåg sokn 16. oktober 2005

Namn	Alder
1. Kjellaug Solsvik, Vik	52
2. Gustav Landro, Knappen	37
3. Øyvind Solsvik, Dale	30
4. Bente H. Guntveit, Rong	45
5. Olaug Merete Rong, Dale	31
6. Rannveig Vestbøstad Vik, Knappen	30
7. Åse May Solsvik, Vik	34
8. Else Austbø, Blom	61
9. Bjarte Vik, Knappen	29
10. Geir Dale, Rong	39
11. Britt Helen Myren, Breivik	50

### LISTE TIL SOKNERÅDSVALET i Hjelme sokn 9. oktober 2005

Namn	Alder
1. Atle Dåvøy, Ådnevik	38
2. Annlaug Børve, Skjold	35
3. Kristen Olai Fjeldstad, Tjeldstø	55
4. Kari Bekkenes Solheimslid, Dåvøy	41
5. Laila Øyen, N. Sæle	37
6. Kjell Fjeldstad, Tjeldstø	57
7. Bodil Martinussen, Nautnes	58
8. Jon Steffen Ervik, Ådnevik	36
9. Astrid Rustad, Nautnes	46
10. Unni Bekkenes, Dåvøy	48
11. Olaug L. Hatten, Stura	42
12. Margunn Svellingen, Tjeldstø	61
13. Sandra Flåten, Tjeldstø	28
14. Arild Nordvik, Jensvarden	32
15. Thorleif Hellesøy, Hellesøy	56
16. Asta Hjelme Toska, Hjelme	49
17. Andreas Kårbo, Hatten	44

Til kvart sokneråd skal det veljast 6 medlemmer og  
5 varamedlemmer.

1. Å gi kandidaten tilleggsstemme(kumulere)  
kan gjerast på fleire måtar: Set "X" ved sida  
av namnet til kandidaten/skriv "KUM" ved  
namnet/skriv namnet til kandidaten ein gong  
til. Du kan gi ei tilleggsstemme til så mange  
kandidatar du vil.
2. Føye til namn på lista og tydeleg merka kvar  
på lista namnet skal stå.
3. Stryke kandidatar: Det gjer du ved å setja  
strek over namnet til kandidaten. Du stryk så  
mange kandidatar du vil.
4. Endre rekkefølge på namn: Det gjer du ved  
å endra nummer framføre namnet, eller  
endra plassen på røystesetelen.

Du må endra stemmesetelen som forklart ovanfor.  
Andre måtar å retta på vil ikkje telja med i  
valoppgjeret. Bruk blå/svart penn eller blyant.

# Stafettveksling for kyrkjelydspedagogar

Frå 1. august er det stafettveksling for stillinga som kyrkjelydspedagog. Synnøve Sandøy Voldsun går ut i morspermisjon, medan Anne Mette Risøy går inn i eit vikariat.

Vi ønskjer Anne Mette velkommen i staben!



Stafettvekslinga mellom Anne Mette Risøy (til venstre) og Synnøve Sandøy Voldsun

## MIN SALME

Når Ingvard utfordra meg til å skriva om min salme i neste Øynytt, var det ikje så lett å trekkje fram ein enkelt sang. For det er så mange fine sangar som eg føler at eg har same forhold til. Men det er ein som kjem oftare fram i tankane mine, og det er nr. 360 i sangboken: "Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera". Dette er ei stor trøyst for alle dei som trur på Jesus! Og at me alle ved Jesu nåde skal til Himlen nå.

Eg utfordrar Bjarne Skjold til å skriva om Min Salme i neste ØyNytt.

## VIKAR FOR KANTOR

Som kanskje nokon veit har kantor Anne Lise Grøm fått innvilga eitt års permisjon, og Torgeir Landro (27) skal gå inn i tenesta det komande året.

Av Anne Mette Risøy



Torgeir på plass på kontoret

Torgeir kjem frå Landro på Sotra, men bur nå på Nesttun saman med kona Hildegunn, og dei er nybakte foreldre til Isak (1 mnd.).

### Kva har du drive på med før du kom hit?

Eg har vore organist i Landro kyrkje i 7 år, ein jobb eg har hatt ved sida av studiane i historie.

### Har du vore her ute i Øygarden før?

Ja, eg har vore vikar i kyrkja i fire somrar, og eg har budd her i to år. Dessuten kjem Hildegunn herfra. Så det er nesten som å komme til sine eigne!

Eg gler meg til å jobbe som organist i Øygarden!

Velkommen hit, Torgeir!

Johan Berland (79) er gift med Anna og bur på Heggøy



*Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera  
Og leva i di frie nådepakt  
Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera  
Men bare kvila i det du har sagt*

*Eg bed deg: Lei du meg igjennom verda  
Eg er så veik og er i framandt land  
Det mange var som gjekk seg vill på ferda  
Og slepte taket i di frelsarhand*

*Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda  
Det har du lova i ditt eige ord  
Du visste alt om meg før du meg kalla  
Og gav meg plass ved nådens rike bord*

*Lat meg få sjå på deg når synda därar  
Lat meg som barn ditt faderauga sjå  
Då veit eg visst at gjennom tvil og färar  
Eg ved din nåde skal til himlen nå*

# Ekte mannskorsong' frå Øygarden

Mannskor er i vinden for tida. Det 13 mann store Vik Mannskor har gått i studio i sommar og sunge inn CD med 14 songar og salmar frå den rike kristne songskatten.

–Dette er amatørsong på sitt aller beste. Det har vorte ei variert plate som me trur mange vil gleda seg storleg over å lytta til, seier dirigent for koret, John Solsvik til ØyNytt.

Vik Mannskor har eksistert i fem år og har tilknyting til Vik Bedehus. Dei 13 songarane kjem frå Rong, Torsvik, Vik, Turøy, Landro og Angeltveit. Mange kyrkjer og bedehus har fått besøk av det vitale koret som har mange kjente songar på repertoaret:  
*Navnet Jesus blekner aldri, Herre Gud ditt dyre navn og ære, Bred dina vida vingar og O, hur saligt att få vandra.*

Men også to songar av Gloria og W.J. Gaither er med: *Jeg tror og Jeg er fri*, forutan Fiskervise av vår eigen Petter Dass.



Foto: Trygve Hellesen

Med på plata er Trygve Hellesen på saksofon og Arne Gunnar Solsvik på bassgitar, utanom Gustav Landro og John Solsvik på piano.

Like etter at ØyNytt er komen i postkassen, 2.september, set dei kursen over havet til USA. Der skal dei vera med på seinsommarstemne for norskamerikanarar på stemnestaden Tuscarora i Pennsylvania. Dei skal elles syngja fleire stader i Washington, Philadelphia og New York innan dei returnerer til Norge 12.september.

**Plateslepp:** *Vik Bedehus laurd. 27.august kl.1800.* I tillegg til koret deltek Trygve Hellesen på saksofon og Arne Gunnar Solsvik på bass. Uformell samling med kaffi og noko å bita i.

**CD-en er til salgs på kyrkjekontoret for 150 kr.**

## NY BOK

Det er med glede vi presenterer denne boka for lesarane av ØyNytt. Mange av oss spør: Er det verkeleg så mange ulike blomstrar i vesle Øygarden? Stig Guntveit har funne dei! Det må liggja mange turar bak for å få fram eit så pass rikt og flott biletgalleri som han her presenterer.

Boka har ei grei inndeling for dei som vil studera floraen i Øygarden nærmare. Det er med andre ord ei bok til å hausta mykje kunnskap av – og ikkje

minst – til å få ei flott naturoppleving av. Teksten er også omsett til engelsk.

Storleiken på boka gjer det enkelt å ha ho med som turfølgje. Boka er utgjeve i samarbeid med Kystmuseet og er til salgs på kyrkjekontoret.

**Stig Guntveit: Øygarden – Det blomstrande øyriket.. Kr. 150,-**



# Oversikt over det kristne barne- og ungdomsarbeidet i Øygarden

## Søndagsskular

**Vik søndagsskule/-ring** Vik bedehus annakvar sør kl 11.00-12.00, 3 år+, NSF, Ingrid Torsvik 93 90  
**Toft søndagsskule** Toft bedehus annakvar sør kl 11.30-12.15, 3 år+, NSF, Hildegunn Bøkevoll 8982  
**Rong søndagsskule/-ring** Rong bedehus annakvar sør kl 12.00-13.00, 3 år+, NSF, Kari Sandøy Rong 76 31

**Blomvåg søndagsskule og -ring** Blom bedehus annakvar sør kl 11.00-12.00, NSF, 2 år+: Bjørg Hindenes Blom 73 69/ 10 år+: Linda Blom 73 97  
**Oen søndagsskule** Oen bedehus annakvar sør kl 11.00-12.00, 3 år+, NSF, Else Rossnes 7198  
**Tjeldstø søndagsskule/-ring** Tjeldstø bedehus annakvar sør 11.00-12.00, 3 år+, NSF, Sølvi Dåvøy 94 39  
**Sæle og Hellesøy søndagsskule/-ring** Hellesøy bedehus annakvar søndag kl 11.00-12.00, 3 år+, NSF, Ingrid Sandøy 82 24

## Blomvåg sokn

**Barnekoret Lyskastaren** Vik bedehus annakvar mån kl 17.00-18.00 4år+, NLM, Anne Merete Flekstad Vik 86 45

**Jubelkoret:** Vik bedehus annakvar månd.kl.17.00-18.00 . 4-7 kl. Olaug V.Rong 92 78

**Vik barnelag** Vik bedehus annakvar ons kl 17.00-18.15, 5 år+, NLM, Marianne Dåvøy 8795

**Gutten** Vik bedehus annakvar ons kl 17.00-18.30, 5 år+, Normisjon, Margit Sæle Jørgensen 93 01

**Yngres** Vik bedehus annakvar fred kl 19.00-21.00, 5 kl+, Erling Vik 89 63

**Barnelaget Blink** Blom bedehus annakvar ons kl 17.00-19.00, 4 år+, NLM, Magnhild Drange

**Onsdagsklubben** Oen bedehus. Annakvar onsdag kl.17.30-19.00. Linn Karin K. Andersen 80 09

## Hjelme sokn

**Nautnes kristlege ungdomsklubb** Nautnes bedehus ein fre pr mnd, : 5-7 kl: 19.00-21.00, 8 kl+: 21.00-23.00, ImF, Annlaug Børve 9481

## Begge sokna

**Øygarden KRIK** Toftøy skule kvar fredag kl 19.00-21.00: 8-10 kl, 21.00-23.00: 16 år+, KRIK, Teamet 48998052

**Øygarden gospel** Blomvåg kyrkje kvar måndag 19.00-21.00, 8 kl+, Sokneråda, Vegard Voldsgård 97793079

**Øygarden kr.skulelag** Øygarden ungdomsskule, andakt tors kl 11.00-11.30, 8 kl.+ NKSS, Anne Mette Risøy (kyrkjelydspedagog) 56382247

**Ichtys** Ungdomstreff på Vik bedehus annakvar laurdag kl.20.00, 8. kl+, Im, Nlm, Fellesrådet, Gisle K. Rong 48294311

## Leirar Skjergardsheimen hausten 05

16. – 18.september: ungdomsskuleleir 8. – 10.klasse

22. – 23.oktober: leir for 3. – 4.klasse

11. – 13. november: leir for 6. – 7.klasse

Påmelding til kyrkjekontoret på Rong tlf 56 38 22 40.

Nærare program med prisar og anna informasjon vert delt ut på skulane når leiraner nærmar seg.

Leiraner vert arrangert i samarbeid mellom kyrkjelydane i Øygarden, Indremisjonen og Norsk Lutherisk Misjonssamband, og er ein del av dåpsopplæringsplanen for Øygardskyrkjelydane.



Glimt frå ein tidlegare leir på Skjergardsheimen

# Barnehage, leirskule, leirstad = Skjergardsheimen 30 år



Skjergardsheimen

fyller denne hausten 30

år. Dette vert markert med

jubileumsdag søndag 11. september.

Det startar med familiegudsteneste i


Hjelme kyrkje kl. 11.00. Prest denne dagen  
er Svein Morland. Jubileumsfesten er lagt til kl  
16.00 på Skjergardsheimen. Alle som har - eller har  
hatt tilknyting til Skjergardsheimen gjennom desse  
åra er særleg velkomne. Komiteen lovar eit spennande  
program for alle aldersgrupper!

Av Odd N. Thormodsæter



Det heile starta i 1974 ved at kommunen overførte Hatten  
skule til eit soknerådsutval. Utvalet sette i gong den  
store dognadsinnsatsen som førte fram til realiseringa av  
Skjergardsheimen.

Sjølve drifta kom i gong i september 1975.



Seinare kom også Øygarden Indremisjon inn som medeigar.

Drifta på Skjergardsheimen har heile tida hatt tre bærebjelkar:  
Barnehage, leirskule og leirstad.



I løpet av desse åra har det vorte utført ein imponerande  
dognadsinnsats. Verdien av dette kan vanskeleg målast, men  
Skjergardsheimen hadde neppe vorte ein slik tenleg reiskap  
utan alle desse dognadshendene. Det gode samarbeidet  
mellan kyrkje og bedehus i Øygarden har verkeleg  
slått ut i full blomst gjennom dette prosjektet.



Det er framleis eit rikt mangfold i bruken av  
Skjergardsheimen. Også mange utanbygds lag og  
organisasjonar legg sine aktivitetar til leirstaden.



Til jubileet vil det verta trykt opp eit heftet  
som omhandlar desse første 30 åra i  
Skjergardsheimen sitt liv. Det er  
Egil Sæle som har ført  
dette i pennen.

Bileta er frå Øynytt sitt arkiv.

**Misjonærbesøk i Øygarden:**

# **Møte med Malinkéfolket i Mali**

**Helga 15. og 16. oktober får Øygarden vitjing av misjonær Hølje Haugsjå frå Normisjon. I den samanheng ønskjer vi å setja fokus på Malinkéfolket og noko av det arbeidet som misjonærane driv der. Kyrkjelydane har i fleire år hatt Malinkéfolket i Mali som misjonsprosjekt. Tusenårsgåva frå Øygarden prestegjeld gjorde det mulig å starta opp arbeidet der i 2001.**

Av Odd N. Thormodsæter

## **Malinkéfolket**

Malinkéane høyrer med til Malis urbefolkning. I heile Afrika utgjer dei vel fire millionar menneske. I dag er malinkéane med sine mellom fem og åttehundretusen stammedlemmer eit minoritetsfolk i Mali. Det bur i dag om lag 70.000 i området Tambaga, der Normisjon i 2001 starta arbeidet sitt.

## **Restaurering av brønnar**

Ureint vann er eit stort helsemessig problem i Tambaga. Kvart femte barn dør av årsaker som skuldast därleg vann.

Eit viktig arbeid for misjonærane er difor å restaurera gamle brønnar slik at dei inneheld rent vann. I dag drikk 95 prosent av folket vann frå gamle, opne brønnar, der skit frå kveg og andre dyr sig inn.

Under rettleiing av misjonærar vert no dei gamle brønnane restaurerte og tetta med betong slik at dei vert vedlikehaldsfrie. I dette området er det meir enn tusen brønnar som må fornyast. Restaureringa av kvar brønn kjem på 500 kr. Det er pengar til dette arbeidet det denne hausten vil bli fokusert på i samband med besøket til Hølje Haugsjå, misjonären som saman med kona Anita vart kjend gjennom TV-serien "Eit himla liv."


## **Innsamlingsaksjon**

Det går med dette også ut oppfordring både til næringsliv og alle andre til å støtta brønnaksjonen. Konto er opprettet i Sparebanken Vest, konto: 3628.52.87795 "Brønnaksjon Mali". Senter Bygg A/S har alt "gitt" ein brønn og utfordrar andre til det same!

## **Velkommen til følgjande arrangement:**

**Hjelme kyrkje, laurdag 15. oktober kl 1630:  
Møte med Mali v/misionær Hølje Haugsjå.  
Familiekoret. Enkel servering.**

**Blomvåg kyrkje, søndag 16. oktober kl 1100:  
Gudsteneste v/Hølje Haugsjå**



*Foto: Agenda 3:16*



# Du er elsk!!

Av Anne Mette Risøy

Gud skapte oss og han elskar oss. Alle har vi ein plass i Guds hjarta. Han ønskjer fellesskap med oss og ønskjer å vere til stades i kvar enkelt del i vårt liv. Han ønskjer å vere til stades når vi er glade og takksame, når vi er på skule og jobb og når vi opplever gode eller vondeting. Han elskar oss så høgt at han sendte Jesus, Son sin, til verda for at vi skulle bli fri frå synda. Når vi tek i mot Jesus vert vi frelst, og vi kan komme skuldfrie og reinsa framfor Herren.

**“**  
JOHANNES  
3:16: "FOR  
SÅ ELSKA GUD  
VERDA AT HAN  
GAV SON SIN, DEN  
EINBORNE, SÅ KVÅR  
DEN SOM TRUR PÅ  
HAN, IKKJE SKAL GÅ  
FORTAPT, MEN HA  
EVIG LIV."

Dette vitnar om ein kjærleik som er større enn vi kan fatte. Det er så godt og trygt å vite at vi alltid kan kome til Gud med det vi har på hjarta, til ein kvar tid. Han tek seg alltid tid til å høre når vi ber. Og Han himlar aldri med augene hvis vi kjem med noko som vi skammar oss over, som er dumt og leit. Når vi opplever glede, gleder Gud seg med oss! Av og til kan det vere tungt å vende seg til Gud, særleg om vi skammer oss og Gud kjennes langt borte. Men i Jeremia 29: 11-12 står det skrive: *"For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von. Når de kallar på meg og kjem til meg med bønene dykkar, vil eg høre på dykk."*

## Ut på tur - aldri sur!

### Eldretreffturen for Blomvåg sokn 2005

Torsdag den 9.juni la Eldretreffet ut på sin årlege avslutningstur. Dette året hadde me planlagt å reise utover i Åsane og vidare til Holsnøy og sjå oss om der.

Det blei ikkje det fine solskinnet som me hadde håpa på. Men flokken på 36 som var med på bussen hadde sol i hjarte og sinn og dermed blei det ein flott tur likevel. Det blei eit godt fellesskap og stemninga var god frå første stund.

Første stopp var Lærarhøgskulen på Breistein. Der blei me svært godt mottatt og etter litt orientering og omvisning, fekk me servert kaffi og kaker.

Så la me turen til Salhus der me besøkte Norsk Trikotagemuseum. Det var svært interessant å sjå kva den hjørnesteinsbedrifta har betydd for bygda Salhus. No har ein bare bygningane igjen og dei blir bevart som eit museum. Her produserte dei ein masse tøy før importen av billige varer frå Østen slo beina under marknaden. Det var interessant å sjå korleis tida hadde forandra seg frå då dei starta opp med fabrikken til dei måtte pakke saman produksjonen. Her var det i gamle dagar trygge og stabile arbeidsplassar. Dette var eit museum som var vel verd besøket!

Etter omvisninga der gjekk turen vidare til Holsnøy og Frekhaug Folkehøgskole. Også her blei me svært godt mottekne. Etter ein god middag fekk me låne peisestova og her hadde me eit lite Eldretreff. Sokneprest Svenn



*Første stopp var på Lærarhøgskulen på Breistein der vi fekk fin servering*

Martinsen heldt andakt for oss der han var innom frigjerdingsdagen i 1905 og trekte ein parallel til Jesu frikjøping av alle menneske. Det var vidare song, deklamasjon og diktlesing.

Vi køyrdet også ein tur heilt ut til Skjelanger. Då var me på høgde med Tjeldstø ute i Øygarden.

Svenn Martinsen var på returen vår gode guide gjennom Bergen sentrum og viste oss mange interessante stader.

Takk til kvar enkelt som var med på turen og ein særskilt takk til sjåføren vår, Konrad Blom.



## Støtt våre annonsørar dei støttar oss



Ansiktsbehandling før kr 550,- Nå kr 350,-  
Aromaterapi før kr 550,- Nå kr 350,-  
Rygg/nakke massasje m/ansikt  
før kr 470,- Nå kr 200,-  
Muskelstimulator før kr 3000,- Nå kr 2000,- (10 ganger)  
*Gi et gavekort til noen du er glad i!*  
**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**  
Rong Senter • Tlf. 56 38 95 15

**Vi tilbyr ferdige middagsrettar  
og nysteikte bakervarer**

**TH HELLESØY**

TLF.: 56 35 71 40 - 5331 RONG

**RONGEBUA**

Stor jernvare- og interiøravdeling

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



**Rong Kafe a/s**

Telefon 56 38 74 54

Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong




**TORSVIK**  
ELEKTRISKE AS

Torsteinsvik - 5337 RONG

**Tlf. 56 38 50 00**

Vakttelefon 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)



**Harkestad  
Beton AS**

Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ

Vår lærling nærmer seg fagprøve.  
Hun tar all behandling til redusert priser!  
Timebestilling 56 38 73 90

**ANITA  
JALONGEN**

**KMS**

**Mange gode tilbud på veggbord og tekstiler**

**KLEOPATRA**

Gave & Interiør

1-års jubileum 7. okt.

**30%**

på alle varer

Mand-fred 10-18 Tlf. 56 38 86 00  
Lørd 10-16 Fax 56 38 85 99

**NB: Kun denne dagen**

DALEKLETTEN  
5337 RONG  
Tlf.: 56 38 87 32  
FAKS: 56 38 87 32  
MOBIL: 91 16 83 75

**TORSVIK MUR**  
**VIDAR VIK TORSVIK**  
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



-fagkunnskap gir trygghet.

**Bli brun selv om det regner**

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel  
eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt leveret

Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

**BPS**


Solutleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22

**øygarden**  
elektriske as  
aut. elektroninstallatører

Tlf. 56 38 94 24

Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)



**Malvin  
Harkestad  
& Sønner AS**

**Alt i grunn- og betongarbeid**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ

# Song- & musikkurs på Bildøy

Helga 11.-13. november vert det arrangert song- & musikkurs på Bibelskolen på Bildøy.



Sokneråda vil gjerne oppmuntra ungdom og voksne i Øygarden til å ta del på dette kurset og vil betala kursavgifta med kr 490,- for dei som melder seg på.

Her kan ein velja mellom lovsongleiing, barnekorleiing, songskriving, samspel i band, kordireksjon og lydteknikk.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for brosjyre og påmelding innan 1. oktober. Tlf 5638 2240

## Gode sokjartal til kristne lærestader

Av Helge Johan Stautland

Hovudopptaket til Samordna Opptak er ferdig, og det viser gode sokjartal til kristne lærestader.

Norsk Lærerakademi har 2252 sokjarar (førsteval: 336) på 415 studieplassar (2681 sokjarar på 435 i 2004), Dronning Mauds Minne Høgskolen 1414 (f.vl.: 270) på 280 studieplassar (2004: 1465 på 285), Menighetsfakultetet har 961 sokjarar (f.vl.: 190) på 251 plassar (2004: 1510 på 430), Mediehøgskolen Gimlekollen har 1367 (f.vl.: 149) på 120 plassar (2004: 1757 på 136), Misjonshøgskolen har 355 sokjarar (f.vl.: 81) på 215 plassar (2004: 329 på 260), og Teologisk Fakultet har 175 sokjarar (førsteval: 18) på 30 plassar (2004: 121 på 30 plassar).

Fordelt på fagområde, er kategorien historie, religion og idéfag blant dei faga som har hatt størst auke i talet på førsteprioritetssokjarar frå i fjor til i år. KPK.



## ØyNytt-rosa

går denne gongen til Erling Vik for det trufaste arbeidet på Vik bedehus i over 20 år. Gjennom styrearbeid og som formann dei siste åra har han synt ein iver som har smitta over på mange. Vi ønskjer at du også framover, Erling, vil gi oss av ditt overskot!



## Velkommen til det nye teamet

Av Anne Mette Risøy

Det nye teamet har endeleg komme til Øygarden, og vi ønskjer dei hjarteleg velkommen!

Dei skal vere her annan kvar veke. Dei kjem til å vere engasjert i ein rekke ting, mellom anna konfirmantopplegget, Ichtys på Vik bedehus, skulelaget og Øygarden Gospel. Dei skal i år bu på Vik.

Teamet består av fire flotte ungdommar: Andreas Evensen (20 år) frå Askøy, Herborg Kari Bondevik (20 år) frå Os, Øyvind Andre Fosse (21 år) frå Bergen og Marita Hatløy (20 år) frå Karmøy.

Andreas og Øyvind har gått på Bildøy, mens Herborg Kari og Marita har gått på Fjellhaug.

Det er ei viktig og stor teneste de går inn i, og vi sett stor pris på at de valgte å komme hit til oss! Vi gleder oss til å bli betre kjende med dykk!

Velkommen!!



Frå venstre: Andreas Evensen, Herborg Kari Bondevik, Øyvind Andre Fosse og Marita Hatløy.

## Eldretreff i Øygarden hausten 2005

### Hjelme kyrke

Tredje onsdagen i kvar månad er det eldretreff i kyrkjelydssalen kl 1645. Merk følgjande datoar: 21. september, 19. oktober, 16. november og 14. desember – julefest.

### Blomvår sokn

Me reknar med å ha eldretreff på desse datoane denne hausten: Torsdag 22. september, torsdag 20. oktober, torsdag 17. november og torsdag 15. desember.

Samværa startar kl 16.00 og me held som tidlegare til på Tedebakkane omsorgsenter.

*Vel møtt til desse samværa!*

# Støtt våre annonsørar. Dei støttar oss

## Flåten & Sæle TRADING

Bjørkeved  
Spon (strø) for kompostering  
Og for fjøsdrift  
Tørrhøy  
Kunngjødsel for eng  
Kalksalt peter

Plantejord  
Jordforbedring  
Dekkbark  
Prydbark  
Plenkrutt  
Gjødsel for plen og bedd

Vi holder til på Hvalstasjonen i Blomvåg  
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.  
Ta kontakt pr tlf. 56 38 93 05 eller kom innom  
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
E-post: post@solstrands.no  
*Vår erfaring - din trygghet*

## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen  
**Tlf. 55 21 44 50**  
Mobil 917 51 700  
• DØGVAKT  
• PARKERING  
• BLOMSTER  
• MONUMENTER  
Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

**Ring og be om Norgeshuskatalogen!**

Telefon 56 38 28 00

**BHAS BYGG**  
Pålneset, 5337 Rong



**MECA**  
INNOVATION

**BLOM SERVICESENTER AS**



Kaffeavtale  
2005  
99

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

## Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærmere informasjon.



## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer  
Rullestol

**Telefon:** 56 38 77 73  
**Mobil:** 90 59 90 59

## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på  
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

# Støtt våre annonsørar. Dei støttar oss

## GUDSTENESTER

- Sønd. 04. sept.** Blomvåg kyrkje **kl. 12:00** Familegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Søndagsskulensdag + utdeling av biblar til 5.klasse. Offer til Bergen søndagsskulekrets. Bandet spelar. Dåp.
- Sønd. 11. sept.** Hjelme kyrkje **kl. 11:00** Familegudsteneste v/Svein Morland Søndagsskulensdag + utdeling av biblar til 5.klasse. Markering av 30. års jubileum for Skjærgardsheimen. Offer til kyrkjelydsarb. Bandet spelar. Høve til dåp
- Sønd. 18. sept.** Blomvåg kyrkje **kl. 11:00** Høgmesse v/Svenn Martinsen. Konfirmant presentasjon. Jubileum for 50 års konfirmantar. Offer til For bibel og bekjennelse
- Sønd. 25. sept.** Hjelme kyrkje **kl. 11:00** Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen. Konfirmantpresentasjon. Offer til Den Norske Israelsmisjon
- Sønd. 02. okt.** Venestemne i Oen bedehus
- Sønd. 09. okt.** Hjelme kyrkje **kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Malinké folket. Nattverd. Soknerådsval etter gudstenesta. Høve til dåp
- Sønd. 16. okt.** Blomvåg kyrkje **kl. 11:00** Høsttakkefest v/Svenn Martinsen. Hølje Haugsjå talar. Offer til Normisjon. Soknerådsval etter gudstenesta. Høve til dåp
- Sønd. 23. okt.** Hjelme kyrkje **kl. 16:00** Familiegudsteneste v/Erling Kopperud 3.-4.klasse leir deltek. Offer til Familie og medier. Høve til dåp
- Sønd. 30. okt.** Blomvåg kyrkje **kl. 11:00** Høgmesse v/ Ronny Heimli Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## TIL LUKKE

### 70ÅR:

- 07.09. Ole Vik, Vik
- 12.10. Marie Solheim Dåvøy, Tjeldstø
- 19.10. Hildebjørg Mathilde Breivik, Breivik
- 28.10. Torlaug Myrtel Sulen, Hellesøy

### 75 ÅR:

- 03.09 Osvald Alf Torsteinsen, Torsvik
- 09.09. Hans Andreas Strandheim, Torsvik
- 26.09. Malvin Fritz Kårboe, Dale
- 30.09. Ågot Astrid Dale, Blomvågnes
- 20.10. Daniel Bugge Dale, Dale
- 23.10. Betty Johanna Haugstad, Knarvik

### 80 ÅR:

- 02.10. Mons Ingolf Mikkelsen, Knarvik
- 25.10. Borghild Harkestad, Harkestad

### 85ÅR:

- 09.09. Rasmus Sæle. Søre Sæle
- 16.09. Solveig Elisabeth Heggolmen, Tjødnarvegen

### 90ÅR:

- 12.09. Elisa Alvheim, Tjødnarvegen
- 13.09. Anton Monrad Toft, Tjødnarvegen
- 22.09. Johannes Heggøy, Heggøy

Vi vil og gratulera Anny og Karl Fjeldstad med overstått diamantkronbryllup=60 år som ektepar.

## KAFFEKROKEN



## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte Blomvåg:

- Adrian Michelsen Reistad, Pålneset
- Alexander Sæle Villanger, Toft
- Anders Vik, Vik
- Maren-Emilie Bruvik Miland, Vikatoppen (Fjell kyrkje)
- Theodor Skjelvik, Pålneset
- Helene Martine Olea Magnussen, Rossnes Vest
- Alida Oen Rossnes, Rossnes
- Ronja Risløw, Veslevarden
- Stina Rong Sæle, Veslevarden
- Andrea Turøy Fjeldstad, Rossnes Vest
- Trane Stockman Rong, Rong
- Lucas Dale Hellesund, Austemarka
- Marte Dale, Dale

### Døypte Hjelme:

- Anna Faukanger Alvheim, Loddefjord
- Oda Marie Myhre, Harkestad

### Døde Hjelme:

- Bjarne Leif Kristiansen, Åsane
- Eli Fjeldstad, Tjeldstø
- Odd Andreas Skjold, Heggøy
- Borghild Hovden, Hovden
- Ole John Johnsen

### Døde Blomvåg:

- Magnus Sverre Oen, Oen.
- Kristian Vilhelm Haugetun, Rong

## INNKOMNE OFFER:

### Blomvåg:

17. april - Noregs Samemisjon	kr. 3517,00
01. mai - Misjon uten grenser	" 2909,50
07. mai - Famile og Medier KKL	" 2584,50
08. mai - Kyrkjelydsarbeidet	" 2594,50
15. mai - Bibelskulen Bildøy	" 3253,00
17. mai - Korps - kyrkjelydsarbeidet	" 2541,00
29. mai - Kyrkjelydsarbeidet	" 3062,50
12. juni - Åpne dører	" 2970,00
26. juni - Kyrkjelydsarbeidet	" 1420,00
10. juli - Norsk Gideon	" 2035,50

### Hjelme:

10. april – Noregs samemisjon	kr. 3392,00
24. april – Kyrkjelydsarbeidet	" 1988,00
08. mai - Laget – NKSS	" 3637,00
17. mai - Korps – kyrkjelydsarbeidet	" 4060,00
22. mai - Normisjon	" 16288,50
05. juni – Norsk lærarakademi	" 1753,00
19.juni – Kyrkjelydsarbeidet	" 1686,00
03. juli – For bibel og bekjennelse	" 1980,00
17. juli – Åpne dører	" 2075,00

\* Hans Jahan Sagrasten

# Øygarden Gospel med CD



10.-14. juni  
var dørene til Blomvåg  
kyrkje låst, men inne i kyrkja  
var det høgtalarar, leidningar,  
mikrofonar, studiotstyr, og full trøkk  
med 23 ivrige ungdomar, klare til å yte  
sitt beste på den komande CDen deira.

Ideen til å spele inn cd med Øygarden Gospel vart skapt av Vegard Voldsgård i fjor vår. Då koret tente på denne ideen, var det å sette seg ned for å rekne på kva dette ville koste. Me skjøna fort at me trengte hjelpe, og søkte til næringslivet i Øygarden om støtte. Responsen var overveldande stor, og snart kunne me med glede meddele at det var nok til å setje i gang...

CDen inneheld 9 songar, der 7 av dei er sjølvskrivne. Tittelen på CDen er "Come On", (som også er første låt på CDen). CDen er venta å kome ut i byrjinga av oktober, og då vert det sjølvsagt ein konsert med "CD-slepp".

Me nyttar høvet her til å takka dei som har vore med å støtta oss i dette prosjektet! Det var ei oppleving å få vere med å spele inn ein CD, og me er sjølvsagt spente på resultatet!!! CDen kjem til å vere for sal på kyrkjekontoret, og i nokre av butikkane i Øygarden. Den kan sjølvsagt bestillast på førehånd på kyrkjekontoret (tlf: 56382240)



Tekst: Synnøve S. Voldsgård

Foto: Karina Tøtlandsmo